
Fra: Trude Brosvik [mailto:Trude@gulen.kyrkja.no]

Sendt: 11. oktober 2014 13:48

Til: Postmottak KUD

Kopi: 'Liv Brekken'

Emne: Staten og DNK - et tydelig skille, høyring

Vedtatt samrøystes i GKF 09.10.2014

mvh. Trude Brosvik, kyrkjeverje

Dato:	03.09.2014
Arkivsak	14/00048
Dokumentnummer:	14/00048-001
Arkivkode:	012.0
Saksbehandler:	Trude Brosvik

Saksnr	Sak	Møtedato
018/14	”Staten og Den norske kirke - et tydelig skille”. Høyringsuttale	09.10.2014

Saksframstilling

Som ei oppfølging av Grunnlovsendingane i 2012, Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013 og Sundvolden-erklæringa (Regjeringa sin politisk plattform), vert det foreslått nokre endringar i Kyrkjelova.

Regjeringa har eit mål om å seinare lage ei ny og heilskapleg lov for alle trus- og livssynssamfunn på eit seinare tidspunkt.

I denne omgang så vil lova rette opp i formuleringar i lovteksten der ”staten” som overordna mynde vert skifta ut med ”Kyrkjemøtet”/Kyrkjerådet.

Største endringa er at kyrkja blir eit eige rettssubjekt og overtar arbeidsgjevaransvaret for dei i kyrkja som no er statleg tilsette. Dvs. ma prestane.

Regjeringa avklarar også korleis dei vil at kyrkja sin økonomi skal vere framover.

For å lette høyringsarbeidet er det utarbeidd eit samandrag / hefte (12 sider) med dei viktigaste endringane. De kan lese det her: http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kirke/Hoeringssaker/V-0970BSammendrag_WEBversjon.pdf Høyringsfristen er 1. november.

Kyrkjeverja sine vurderingar:

Kyrkjeverja skulle ønska at reformarbeidet i kyrkja hadde gått fortare, og at ein hadde gått rett på å ha felles arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja. Truleg kan den nye kyrkjelova som der blir lagt opp til her, kunne gjelde frå tidlegast 2017. Men Kyrkjemøtet har vedteke ein framgangsmåte, som gjer at alle statleg tilsette vil få ny tilsetning hos Kyrkjerådet.

Departementet foreslår at det skal takast inn ein paragraf som seier at det skal vere prest i kvart sokn. Eg veit ikkje kva det vil seie i praksis, viss prostane likevel skal kunne styre prestetenesta fullt ut. Men det gjev i alle fall eit argument om at ein fast prest skal ha ansvaret. Kan hende kan det også vere eit godt argument i budsjett-samanheng.

Kyrkjelov-forslaget strekar under at soknet skal halde fram som eit sjølvstendig rettsleg subjekt, og at Kyrkjemøtet eller andre nasjonale / regionale kyrkjelege organ berre kan gripe inn i soknet sine avgjerder viss det er heimla i lova. Dvs. at dei kan bruke same nemninga om både soknet og Kyrkjemøtet, men dei meiner det likevel ikkje vil by på problem.

Reformen omfattar også endringar på kyrkja sin økonomi. Regjeringa argumenterer for det prinsipielle i å la Kyrkjemøtet/rådet få den løyvinga som no går til kyrkja totalt over statsbudsjettet. Likevel er dei usikre på om det er rett, fordi Kyrkjemøtet då kan kome i ei uheldig dobbelrolle. Regjeringa har derfor trekt ut løyvinga til Sjømannskyrkja og til KA (Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon). Så lenge Kyrkjemøtet er arbeidsgjevar for den eine gruppa; prestane, bør det vurderast om det er rett at dei forvaltar midlar til kateketar, diakonar og tilskot til trusopplæring, som alle er tilsette av fellesråd.

Eg trur det er prinsipielt rett framgangsmåte, men er likevel bekymra for korleis det vil slå ut for distrikta i kyrkja. Kyrkjedemokratiet er svært ”topptungt” og sentralisert (mitt syn). Kyrkja har ikkje ei ”politisk” tilnærming og så open behandling av saker som Stortinget. Noko som kan gjere det meir krevjande å nå fram mot sentral administrasjon. Måten kyrkja allereie deler tilskotet på, td innanfor trusopplæring, tyder på at dei i langt større grad legg til grunn medlemstalet, og ikkje tar inn over seg at drift av kyrkje i distrikta kan vere mykje meir krevjande enn i tettstadane.

Når det gjeld regulering av prestane si teneste, og uavhengighet, så meiner eg det må stillast spørsmål ved regjeringa sitt forslag. Det opnar, slik eg les det, for at kvar enkelt prest skal vurdere og gjennomføre tenesta ut frå sitt kall og bibelsyn. Departementet innrømmer at dei er på ”tynn is”, og seier dei vil lytte spesielt til kyrkja i dette spørsmålet. Eg meiner at, i alle fall så lenge vi ikkje har felles arbeidsgjevaransvar, må prestane ha eit minstemål av felles opptreden i korleis dei utøver forkynning og undervisning. Kan hende er det godt nok heimla i ordinasjonen. Eg ser for meg at eit for ope lovforslag om prestane si uavhengighet kan gje fleire og styggare konfliktar i lokal-kyrkja. Det er bra med sjølvstendige arbeidstakarar, men arbeidet i kyrkja foregår i stor grad som team-arbeid, enten med andre tilsette av kyrkjeleg fellesråd eller med frivillige.

Forslag til vedtak

1. Kyrkja sine rettslege tilhøve: Overføring av arbeidsgjevaransvar og at Kyrkjemøtet vert eit rettssubjekt følgjer logisk av tidlegare vedtak. Det er også rett å opne for delegasjon til andre regionale / nasjonale organ. Ein bør samtidig å opne for prøveordningar med felles arbeidsgjevar for tilsette, slik at det reformarbeidet held fram i eit godt tempo.
2. GKF ser det som viktig at det vert tatt inn i lovteksten at kvart sokn har rett på prest. Kva dette betyr bør utdjupast. Vi ser på lokal presteteneste og ”tilstedeværelse” som eit vesentleg punkt for å halde på ei landsdekkande folkekyrkje, slik Grunnlova § 16 seier. Vi meiner lova, evt. å kunne krevje forskrifter, bør styrkast med å ta inn kva tenester lokalkyrkja kan forvente av presten. Å lovfeste prostens si rolle som mellomleiar, samtidig som ein gjev Kyrkjemøtet rett til å bestemme inndeling og organisasjon, synest å vere ein logisk brist. Med mindre departementet meiner at prosti er ei vesentleg eining for å sikre landsdekkande folkekyrkje. Det er viktige no, sett frå fellesrådet sin ståstad, er organisatorisk og økonomisk å legge til rette for det gode samarbeidet lokalt.
3. Finansiering: GKF sluttar seg til det prinsipielle i at kyrkja får ei rammeløyving og sjølv fordeler til arbeidet. Vi er likevel svært urolige fordi praksis syner at kyrkja i langt større grad enn staten, nyttar medlemstal for å rekne ut tilskot, utan å legge vekt på avstands-faktorar, td. lokal skulestruktur, tilrettelagt infrastruktur og folkesamansetting. Det er heller ikkje eit godt nok kyrkjedemokrati til å få dette høgt opp på dagsorden, synleggjort i media, og dermed påverke Kyrkjemøtet. Vi ser at rammeløyving åleine kan sette Kyrkjemøtet i ein dobbelrolle. Ein bør vurdere om det gjeld meir enn Sjømannskyrkja og KA. Td. ordningar med kyrkjebygg og gravplassar, som i stor grad er almenne kulturargument for å finansiere. Og tilskot til diakoni, kateketar og kyrkjelydspedagogar som alle er tilsette hos ein annan arbeidsgjevar; fellesrådet. (Det er diverre rimeleg å tru at ein også i kyrkja i td nedskjæringstider, vernar mest om sine egne tilsette.) Utrekningsgrunnlaget for overføringa frå staten til kyrkja må ta utgangspunkt i løyvingar til alle vedtekne prestestillingar og den auken som

- urbaniseringa krev, ikkje berre dei det til ei kvar tid er tilsette i.
4. Dei administrative ”godene” kyrkja har hatt gjennom staten, må kostnadsreknast og leggest til i rammeløyvinga. Det er vesentleg at dei auka kostnadane kyrkja vil få, ikkje skal takast frå stillingar og frå tilskot til lokal-kyrkjeleg arbeid. Vi trur ikkje det vil ligge vesentlege innsparingar mellom Kyrkjemøtet og bispedømme.
 5. GKF støttar forslaget om å lovfeste at kvart sokn har rett på prest. Vi trur det er viktig for å sikre ei landsdekkande folkekyrkje.
 6. GKF meiner prestetenesta må sterkare lovregulerast, slik at lokal-kyrkja veit kva dei kan vente seg frå prestetenesta, og at samarbeidet kan leggest opp deretter. Vi ser problem med at prestane si sjølvstendige rolle berre blir avgrensa av ordinasjonsløftet. Det vil kunne gje ei lite samla kyrkje, både i arbeidsform og teologi, og på ein uheldig måte opne for store samarbeidsvanskar med andre kyrkjeleg tilsette og frivillige.
 7. Det er naturleg at det vert oppretta ei klagemnd. Særleg sidan vi heretter snakkar om to ulike rettssubjekt innanfor same kyrkja; soknet og Kyrkjemøtet. Vi meiner ingen andre enn arbeidsgjevar vere rett saksøkt i oppseiingssaker for prestar.

Handsaming i møte

Vedtak

1. Kyrkja sine rettslege tilhøve: Overføring av arbeidsgjevaransvar og at Kyrkjemøtet vert eit rettssubjekt følgjer logisk av tidlegare vedtak. Det er også rett å opne for delegasjon til andre regionale / nasjonale organ. Ein bør samtidig å opne for prøveordningar med felles arbeidsgjevar for tilsette, slik at det reformarbeidet held fram i eit godt tempo.
2. GKF ser det som viktig at det vert tatt inn i lovteksten at kvart sokn har rett på prest. Kva dette betyr bør utdjupast. Vi ser på lokal presteteneste og ”tilstedeværelse” som eit vesentleg punkt for å halde på ei landsdekkande folkekyrkje, slik Grunnlova § 16 seier. Vi meiner lova, evt. å kunne krevje forskrifter, bør styrkast med å ta inn kva tenester lokalkyrkja kan forvente av presten. Å lovfeste prostens rolle som mellomleiar, samtidig som ein gjev Kyrkjemøtet rett til å bestemme inndeling og organisasjon, synest å vere ein logisk brist. Med mindre departementet meiner at prosti er ei vesentleg eining for å sikre landsdekkande folkekyrkje. Det er viktige no, sett frå fellestrådet sin ståstad, er organisatorisk og økonomisk å legge til rette for det gode samarbeidet lokalt.
3. Finansiering: GKF sluttar seg til det prinsipielle i at kyrkja får ei rammeløyving og sjølv fordelar til arbeidet. Vi er likevel svært urolige fordi praksis syner at kyrkja i langt større grad enn staten, nyttar medlemstal for å rekne ut tilskot, utan å legge vekt på avstands-faktorar, td. lokal skulestruktur, tilrettelagt infrastruktur og folkesamansetting. Det er heller ikkje eit godt nok kyrkjedemokrati til å få dette høgt opp på dagsorden, synleggjort i media, og dermed påverke Kyrkjemøtet. Vi ser at rammeløyving åleine kan sette Kyrkjemøtet i ein dobbelrolle. Ein bør vurdere om det gjeld meir enn Sjømannskyrkja og KA. Td. ordningar med kyrkjebygg og gravplassar, som i stor grad er almenne kulturargument for å finansiere. Og tilskot til diakoni, kateketar og kyrkjelydspedagogar som alle er tilsette hos ein annan arbeidsgjevar; fellestrådet. (Det er diverre rimeleg å tru at ein også i kyrkja i td nedskjæringstider, vernar mest om sine eigne tilsette.) Utrekningsgrunnlaget for overføringa frå staten til kyrkja må ta utgangspunkt i løyvingar til alle vedtekne prestestillingar og den auken som urbaniseringa krev, ikkje berre dei det til ei kvar tid er tilsette i.
4. Dei administrative ”godene” kyrkja har hatt gjennom staten, må kostnadsreknast og leggest til i rammeløyvinga. Det er vesentleg at dei auka kostnadane kyrkja vil få, ikkje skal takast frå stillingar

og frå tilskot til lokal-kyrkjeleg arbeid. Vi trur ikkje det vil ligge vesentlege innsparingar mellom Kyrkjemøtet og bispedømme.

5. GKF støttar forslaget om å lovfeste at kvart sokn har rett på prest. Vi trur det er viktig for å sikre ei landsdekkande folkekyrkje.
6. GKF meiner prestenesta må sterkare lovregulerast, slik at lokal-kyrkja veit kva dei kan vente seg frå prestenesta, og at samarbeidet kan leggest opp deretter. Vi ser problem med at prestane si sjølvstendige rolle berre blir avgrensa av ordinasjonsløftet. Det vil kunne gje ei lite samla kyrkje, både i arbeidsform og teologi, og på ein uheldig måte opne for store samarbeidsvanskar med andre kyrkjeleg tilsette og frivillige.
7. Det er naturleg at det vert oppretta ei klagenemnd. Særleg sidan vi heretter snakkar om to ulike rettssubjekt innanfor same kyrkja; soknet og Kyrkjemøtet. Vi meiner ingen andre enn arbeidsgjevar vere rett saksøkt i oppseiingssaker for prestar.